



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	19.10.2012	76678/2012/A00	Jane Anita Aspen, 71 25 87 75	17.12.2012

Høring - Forslag til endringer i opplæringslov og privatskolelov - spesialundervisning og psykososialt miljø

Med atterhald om fylkesutvalets godkjenning i møte 28.01.13 er dette høyringsvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Pkt 2. Plikt til å vurdere utbytte av opplæringa før vedtak om spesialundervisning

Forslaget går ut på å presisere plikta skolane i dag har til å vurdere om elevane får eit tilfredstillande utbytte av den ordinære opplæringa og eventuelt prøve ut nye tiltak, før det blir gjort sakkunnig vurdering i samband med vedtak om spesialundervisning.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om å presisere dette i lovteksten.

Pkt 3. Forslag om å erstatte halvårsrapport om spesialundervisning med ein årleg rapport

Forslaget inneber å endre opplæringslova slik at saksbehandlingsreglane for spesialundervisning vert forenkla ved at kravet om skriftleg halvårsvurdering vert erstatta med ein regel om at oversikt over opplæringa eleven har fått og ei vurdering av utviklinga av eleven skal utarbeidast skriftleg ein gang i året.

Møre og Romsdal fylkeskommune er bekymra for om ein på tilstrekkeleg vis klarer å ta stilling til elevane si utvikling undervegs i løpet når halvårsrapporten vert tatt bort. Sjølv om alle elevar, inkludert elevar med spesialundervisning, også skal vurderast etter reglane om individuell vurdering i forskrift til opplæringslova kapittel 3.

Ein del elevar som har enkeltvedtak om spesialundervisning har behov for tett oppfølging for å sikre sine rettigheter. Dersom halvårsrapporten fell bort og det ikkje er krav om at undervegsvurdering skal gjerast skriftleg, kan det vere vanskeleg å følgje med på om eleven har den utvikla han/ho skal ha undervegs og å halde læringstrykket oppe. Når den endelege sluttvurderinga kjem, er det for seint å gjere noko med dette skoleåret.

Det er også ei utfordring for PPT at dei ikkje har ny informasjon knytt til inneverande skoleår når ny sakkunnig vurdering skal skrivast. Dei har då berre sluttvurderinga frå førre skoleår å forhalde seg til.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar ikkje forslaget.

Pkt. 4. Samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i individuell plan

Det vert foreslått ein ny regel som presiserer at skolen skal delta i samarbeidet om individuell plan heimla i andre lover som mellom anna helse- og omsorgstjenesteloven, spesialisthelsetjenesteloven og barnevernloven.

Møre og Romsdal fylkeskommune ser det som viktig at dei vidaregåande skolane deltar i arbeidet med individuell plan når det er nødvendig for å ivareta eleven sitt behov for eit heilskapleg, koordinert og

individuell tilpassa tenestetilbod. Det er likevel viktig å slå fast at det er primærkommunen som har hovedansvaret og ansvaret for å trekke med skolen.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar dette forslaget

Pkt. 5. Erstatningsbestemmelse med delt bevisbyrde i opplæringslova kap 9A

Forslaget gjeld spørsmålet om eventuelt å innføre ein erstatningsregel for saker om psykososialt miljø i skolen der bevisbyrda vert delt mellom skoleeigar og elev i staden for å ligge berre på skadelidte (elev) som er regelen for erstatningssaker.

Dette forslaget er foreslått som eit reiskap for å betre skolemiljøet. Møre og Romsdal fylkeskommune er ikkje enige i at det å gjere det enkelare å fremme erstatningskrav vil vere eit bidra til dette. Skolane arbeider kontinuerlig med å betre det psykososiale miljøet. Vi meiner heller at skolane treng gode reiskaper for å betre det psykososiale miljøet, til dømes for å kunne gripe inn mot uønska åtferd, heller enn å gjere det enklare å straffe skoleeigar i ettertid.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar difor ikkje dette forslaget.

Pkt. 6. Foreldelsesfrist for straff i opplæringslova kap. 9A

Dette forslaget gjeld spørsmål om eventuelt å forlenge foreldingsfristen for straffesaker om psykososialt miljø i skolen frå dagens to til fem år.

Møre og Romsdal fylkeskommune går i mot forslaget om å forlenge foreldingsfristen for straffesaker om psykososialt miljø i skolen frå dagens to til fem år. Vi finn ikkje at det er grunngjeving for å gjere unntak for denne typen saker frå prinsippet om å knytte foreldingsfristen til strafferammene.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar difor ikkje dette forslaget.

Pkt. 7 Felles skolekretsar mellom kommunar

Dette gjeld primærkommunar og ikkje fylkeskommunar, vi har difor ikkje tatt stilling til dette.

Pkt. 8. Bruk av personale i skolen som ikkje er ansatt i undervisningsstilling, og som skal hjelpe til i opplæringa

Det vert foreslått at det vert innført ein eigen regel i opplæringslova og privatskolelova om bruk av personale som ikkje er tilsett i undervisningsstilling og som skal hjelpe til i opplæringa. Regelen klargjer vilkåra for at personale utan formell lærarkompetanse kan bistå i opplæringa, både i ordinær opplæring og i spesialundervisning.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar ein regel som klargjer vilkåra for bruk av personale som ikkje er tilsett i undervisningsstilling.

Vi synes at det er uheldig begrepsbruk når ein nyttar "hjelp til" i opplæringa". Vi meiner at "støtte i" kan vere eit meir dekkande omgrep å nytte i lovteksten. Dette omgrepet viser betre den rolla som anna personale enn læraren har i skolen.

Med helsing

Sverre Hollen
fylkesutdanningssjef

Jane Anita Aspen
seksjonsleiar